



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Arnt Erik Nordheim
Telefon: 57643168
E-post: fmsfaen@fylkesmannen.no

Vår dato
01.03.2012
Dykkar dato
29.11.2011

Vår referanse
2011/5188 - 323
Dykkar referanse
12/387-2

Selje kommune
Kommunehuset
6740 Selje

Lovlegkontroll som gjeld lukking av formannskapsmøte

Vi viser til oversending frå kommunen datert 13.02.2012, som svar på vårt brev datert 07.12.2011, jf. klage datert 29.11.2011 frå Fjordenes Tidende.

Oppsummering:

Fylkesmannen legg til grunn at uformelle drøftingar og arbeidsmøte vert omfatta av møteprinsippet i kommunelova § 30, dersom organet er samla for å handsame spørsmål som ligg innanfor organet sitt saklege virkeområde. Kommunen har ikkje oppgjeve heimel for å lukke møtet, jf. kommunelova § 31. Fylkesmannen har derfor kome til at vedtaket om å lukke møtet ikkje var lovleg. Fylkesmannen ventar at kommunen for framtida sikrar at lukking av møte berre skjer der det folkevalde organet har vurdert at lova heimlar lukking av møte, og at dette vert nedteikna i samsvar med krava i kommunelova § 30 nr. 4.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld handsaminga av sak 103/11, *Budsjett 2012 – Økonomiplan 2011 – 2015*, i Selje formannskap 21.11.2011. Ifølgje Fjordenes Tidende skal ordførar Ottar Nygård ha opplyst i starten av møtet at saka skulle handsamast i eit lukka arbeidsmøte med formannskapet og rådmannen. Publikum fekk ikkje vere til stades under handsaminga av saka. I ettertid skal ordføraren ha gjeve uttrykk for at saka var trekt frå sakslista, og at saka ikkje vart handsama i møtet 21.11.2011.

Kommunen har i si framstilling vist til at saka ikkje var ferdig førebudd før møtet. Saka kunne derfor ikkje realitetshandsamast, korkje i ope eller lukka møte, og vart trekt frå sakslista. Etter at møtet var avslutta, hadde politikarane ei uformell drøfting om budsjett, IKT og andre utfordringar. Kommunen opplyser at dette mellom anna gjekk ut på å kvalitetssikre tala i budsjettet. Det var inga røysting eller vedtak i dette uformelle møtet. Neste møte i formannskapet vart halde 30.11.2011. I dette møtet vart saka drøfta og realitetshandsama på vanleg måte.

Regelverk

Etter kommunelova § 59 nr. 5 kan departement som forvaltar den aktuelle lova på eige initiativ ta opp ei avgjerd til lovlegkontroll. Fylkesmannen er delegert mynde etter til å utføre lovlegkontroll av kommunale avgjerder på det aktuelle rettsområdet, jf. rundskriv H-25/92 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Det same gjeld avgjerda om møte skal haldast for opne eller lukka dører.

Fylkesmannen har avgrensa overprøvingskompetanse etter kommunelova § 59. Dersom Fylkesmannen kjem til at eit vedtak er ugyldig, skal vi oppheve det.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen si vurdering

Det går fram av kommunelova § 31 nr. 1 at møte i folkevalde organ skal vere opne. Unntak frå dette må ha særskilt heimel i lov. Dersom det vert bestemt at møtet skal vere lukka, skal avgjerda og heimelen for å lukke møtet gå fram av møteboka, jf. kommunelova § 30 nr. 4.

Vi forstår kommunen slik at de meiner den uformelle drøftinga 21.11.2011 ikkje kan reknast som eit lukka arbeidsmøte, eller som eit møte i folkevald organ. I møteprotokollen for sak 103/11 heiter det:

Handsaming i Formannskapet – 21.11.2011

7 voterande.

E-post frå rådmann, dat. 17. nov. vedk Budsjetthandsaming 21.11.11 var sendt ut til medlemmane i Formannskapet same dag.

Budsjettet vart handsama i arbeidsmøte.

Formell handsaming var vert i Formannskapet 30.11.11.

Samrøystes.

FS-103/11 Vedtak

Budsjettet vart handsama i arbeidsmøte.

Formell handsaming var vert i Formannskapet 30.11.11.

Samrøystes.

Det er noko avvik mellom protokollen, framstillinga i klaga frå Fjordenes Tidende og den orienteringa kommunen i ettertid har gjeve til Fylkesmannen. Ut i frå protokollen, må Fylkesmannen leggje til grunn at det saka vart handsama uformelt, og at det vart gjort vedtak om at saka skulle handsamast i formannskapet 30.11.11. På bakgrunn av kommunen sitt brev, legg vi òg til grunn at alle medlemene i formannskapet deltok i dette uformelle drøftingsmøtet.

Det går fram av førearbeida til kommunelova at kva som er eit "møte" skal tolkast vidt, sjå Prop. 152 L (2009-2010), s. 44:

Eit samkome i eit folkevalt organ vil vere eit møte slik det er definert i lova, når det er fastsett på førehand at medlemmene skal tre saman som folkevalt organ for å forhandle, drøfte, gjere vedtak eller på annan måte handsame saker og spørsmål som det etter lov, forskrift eller delegert avgjerdsrett har som oppgåve å handsame. Det vil også vere eit "møte" sjølv om det ikkje ligg føre ei formell innkalling, saksliste eller at representantar for administrasjonen og politikarar som ikkje er medlemmer av organet, er til stades og deltek, dersom det som går føre seg, er eit ledd i sakshandsaming om organet eller lov, forskrift eller delegert avgjerdsrett har som oppgåve å handsame...

Etter førearbeida er det altså ikkje noko krav at det vert gjort formelle vedtak, for at ei samkome må reknast som eit "møte" etter kommunelova. Dette er i tråd med praksis frå Sivilombodsmannen, jf. sak 97-0500, der det vert lagt til grunn at førebels drøfting av aktuelle saker også er ein del av prosessen som vert omfatta av møteprinsippet og sakshandsamingsreglane i kommunelova kapittel 6.

Etter kommunen si forklaring ser det ut til at dette drøftingsmøtet var av saksførebuande art, ikkje politisk drøfting eller realitetshandsaming av saka. Etter det som følgjer av lovførearbeida og ombodsmanns praksis, kan dette likevel ikkje vere avgjerande for om dette var eit "møte" slik kommunelova nyttar dette omgrepet. Omsyna bak reglane om møteoffentlegheit er å sikre demokratisk kontroll, å skape innsikt i kva som skjer i den

kommunale forvaltninga og dessutan å redusere avstanden mellom dei folkevalde styringsorgana og innbyggjarane. Desse omsyna tilseier at reglane om møteoffentlegheit bør gjelde på alle steg i prosessen, og kvar gang organet er samla for å drøfte problemstillingar som ligg innanfor organet sitt saklege virkeområde.

Fylkesmannen må derfor slutte at saka anten skulle ha vore utsett etter avklaring i ope møte, eller handsama etter reglane i kommunelova kapittel 6. Lukking av det uformelle drøftingsmøtet er dokumentert slik lova krev, jf. kommunelova § 30 nr. 4. Vi kan heller ikkje sjå at lukking av møtet var lovleg heimla, jf. kommunelova § 31.

Som kommunen har gjort greie for, vart det ikkje gjort vedtak under drøftingsmøtet. Brotet på reglane om møteoffentlegheit har heller ikkje fått konsekvensar for den vidare handsaminga av budsjettet og økonomiplanen, eller for om vedtaket 30.11.2011 er gyldig. Fylkesmannen vil understreke at reglane om møteoffentlegheit skal ivareta andre omsyn enn kvaliteten av sakshandsaminga i den konkrete saka.

Fylkesmannen ventar at kommunen for framtida sikrar at lukking av møte berre skjer der det folkevalde organet har vurdert at lova heimlar lukking av møte, og at dette vert nedteikna i samsvar med krava i kommunelova § 30 nr. 4.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Turid Måseide
juridisk sjef

Brevet er elektronisk godkjent.

Kopi til
Fjordenes Tidende v/Erling Wåge Postboks 55 6701 MÅLØY